

## Årsmelding Skigruppa

Skigruppa har hatt to styremøte i 2014, i tillegg til at leiar har delteke på møte i hovudstyret. Den uvanleg snøfattige vinteren gav oss ikkje mykje skikjensle. Me fekk gjennomført ei felles treningsøkt på ski ein måndag , og det var det heile. Dette gjorde sjølvsagt at me heller ikkje fekk gjennomført skirenn lokalt. Nokre få reiste ut på kretsrenn, men utan å hevda seg i toppen. Trass i snømangel har skigruppa gjennomført barmarkstrenings gjennom heile sesongen, med om lag 30 stk i snitt på treningane. Det er imponerande med tanke på kor små utsiktene var til å få gå på ski, så no ser me fram mot ein ny sesong med håp om gode snøforhold.

Prosjektgruppa som vart starta opp i fjor haust har hatt fem styremøte, og har arbeidd ferdig ei planmappe over vidare utbygging, rehabilitering og omlegging av lysløypa. På bakgrunn av denne planmappa har det blitt søkt om midlar til oppgradering og rehabilitering av løypa, og me har fått tildelt 40 000 kr frå Sparebanken og 250 000 kr frå Gjensidigestiftelsen.

I løpet av hausten har me hatt fire dugnadsdagar med skogrydding, rydding av parkeringsområde, og henting og legging av røyr i målområdet. Til saman utgjer dette om lag 15-16 dagsverk.

Skigruppa har heile året halde fram med å profilere seg i sosiale media med informasjon om treningane, og då snøen kom i desember kunne me også begynne med løypeoppdatering for Gamlesætra skianlegg. Så snart det vart tilstrekkeleg mengde snø begynte Gunnar Stusdal å trakke og preparere løypa, slik at det var mange som fekk nytta gode skiforhold i romjula og nyårshelga.

På vegne av skigruppa vil eg retta ei stor takk til alle som deltek på treningane og de som stiller på dugnad til glede for alle skientusiastar.

*Einar Stusdal,  
Leiar skigruppa.*